



Særutskrift for Radøy sokneråd

Tid: 21.10.2015

Radøy sokneråd har i møte den 21.10.2015 hatt denne saka til handsaming:

2015/19 (F) Budsjett 2016

UTGREIING

Med rekneskapen for 2014 og årets rekneskap fram til 30. september 2015 som grunnlag, legg vi fram budsjettforslag til soknerådet. Ut over dette grunnlaget er postane berre forsiktig justert og ikkje omtalt spesielt. Unntaket er postane for vedlikehald og festeavgifter.

For 2014 var underskotet kr. 253 789. Redusert vedlikehald, fokus på innkreving av avgifter og generell god oppfølging av utgifter gjennom året ser likevel så langt ut til å få rekneskapen i balanse for 2015.

Utfordringa vår, i motsetnad til andre fellesråd med eitt sokn, er at me skal drifta tre kyrkjer der andre gjerne berre har ei. Radøy har seks gravplassar, noko som også fører til store kostnader og mykje tidsbruk til transport. Det bind mykje midlar til løn, drift og vedlikehald. Kyrkja driv nøkternt og det er ei utfordring å finna kor ein kan gjera innstramningar og kutt utan at det får alvorlege følgjer for dei tenestene me skal utføra. Soknet har få tilsette og det er ikkje mogeleg å redusera antal stillingar utan at det gjev tydelege utslag i tenestene.

Drift:

Basistilskotet frå Radøy kommune har vore uendra sidan 2011. Etter dette har vi fått årleg kompensasjon for lønsauke. Overføringar frå Radøy kommune stod i 2014 for 61,2 % av inntektene våre. Ut frå kommunen si økonomiske stode og forventningar til komande års inntekter har vi ikkje rekna med auka overføring i budsjettet for 2016 ut over generell lønsauke.

For å få budsjettet i balanse har vi valgt å redusere vedlikehald til kyrkjer og auka festeavgiftene ut over normal prisauke.

Kyrkjene er i generelt god stand og vi meiner det bør vera rom for å redusera vedlikehaldet for ein periode. Det er likevel utfordringar knytta til å driva store gamle bygg og det kjem alltid ein del utgifter gjennom året.

Når det gjeld festeavgiftene har det vore eit mål å harmonisera desse i regionen samstundes som vi ikkje bør ha for store årlege endringar i prisane. Meland har vore på linje med Radøy medan Lindås tidlegare har lagt lågare enn Radøy. Begge er no i ferd med å auka avgiftene meir opp mot dei andre kommunane rundt Bergen som Askøy, Fjell og Os.

Lindås vil auka dei årlege avgiftene i to trinn opp mot 2017 då festeavgifta er føreslege til kr. 400 per grav/år. Meland har i 2015 kr. 300 i avgift og kjem venteleg å auka også for 2016.

I budsjettframlegget er festeavgifta sett til kr. 300 per år/grav opp til til 60 år med dobbel sats etter 60 år som før.

Prisane for utanbygds gravferd vart tidlegare stilt i bero grunna høyringa "Lik og likskap" og forventning til endra reglar. Det er uklårt om det vert sett i verk endringar og vi føreslår derfor auke i satsane.

Manger kyrkje treng framleis maling. I 2014 fekk vi malt delar av kyrkja, men har diverre ikkje hatt midlar til å gjere ferdig arbeidet. Dette er vedlikehald som ligg godt på etterskudd men i noverande situasjon med stabilisering av kyrkja vel vi å venta med anna vedlikehald til dette er ferdigstilt.

Oppretting og sikring av Manger kyrkje kjem venteleg til å utløyse store kostnader i 2016. Det er framleis ein del usikre punkt i forhold til kostnader og tid. Vi har valgt å ikkje leggja inn nye summer i driftsbudsjettet for 2015 då det meste vil vera knytta til oppretting og sikring og vera ein del av prosjektet. Prosjektet vert rekna som investering.

Inntektene til soknet er som tidlegare omtalt vesentleg driftstilskot frå Radøy kommune. Andre inntekter er stort sett festeavgifter og offer som vert tatt opp i gudstenestene. Offer til eiga drift må som tidlegare år prioriterast også i 2016.

Det vart tilsett trusopplæringskoordinator hausten 2013. Tiltaket er i hovudsak finansiert av sentrale tildelingar kanalisert gjennom Bjørgvin bispedøme. Dette er eit fellestiltak for Austrheim, Fedje og Radøy. Kommunane gjev alle eit mindre ekstratilskot til denne aktiviteten. Saman med kommunalt tilskot frå dei tre kommunane vil dette tilsvare utgiftene og ikkje gå utover andre tiltak.

Soknet har i 2015 starta gjevarteneste for å styrka arbeidet med trusopplæring i soknet. Vi har fått ein del faste gjevamar og budsjetterer med inntekter på kr. 45 000 for 2016. Desse midlane skal nyttast til spesielle tiltak innanfor trusopplæring.

Investeringar:

Manger:

Som kjent har vi ein del utfordringar knytta til stabiliteten for Manger kyrkje. Bygget er ifølgje målingar 22 cm ut av lodd. Rapport frå februar 2014 tyder på at bygget ikkje er stabilt, men er i rørsle slik at det vert skeivare. Det hastar derfor å setja i gang tiltak for å sikra og stabilisera bygget.

Kostnaden til sjølve prosjektet er no rekna til 7 400 000 kroner inklusiv mva. Det er også tatt høgde for ein del uforutsette utgifter. Det er søkt Husbanken om rentekompensasjon og kommunen vil få kompensert innbetalt meirverdiavgift. Dersom Radøy kommune finn midlar til prosjektet i neste års budsjett vil arbeidet starta våren 2016. Soknerådet har no gjort vedtak om å stenge kyrkja med unntak for planlagte gudstenester, gravferder og konfirmasjonsundervisning. Ved sterk vind skal kyrkja uansett ikkje nyttast og aktivitetane må flyttast.

Hordabø:

Parkeringsforholda på Hordabø er ikkje tilfredstillande og vi har vore i dialog med Radøy kommune for å finna løysingar. Det skal utarbeidast ein områdeplan for Bøvågen der vi har kome med innspel. Vi ser for oss at delar av området aust for vegen mot Bøtjønna kan fungera godt som parkeringsareal. Vi er for øvrig i gang med reidskaphus som vonleg vert ferdigstilt i 2016.

Sæbø:

Parkering er også eit problem på Sæbø når det kjem mykje folk til kyrkja, men så langt har det ikkje vore diskutert konkrete tiltak med grunneigar eller Radøy kommune.

Universell utforming :

Det er trong for betre universell utforming av Hordabø og Manger kyrkjer. På Manger er det ikkje mogeleg å gå vidare med dette før stabilisering av kyrkja er ferdigstilt. Dersom kommunen løyver kr. 250 000 til investering også i 2016 vil vi starta arbeidet med tilkomsten for rørslehemma på Hordabø. Prosjektet er ikkje kostnadsrekna, men kyrkjelydsutvalet er aktivt og har gjeve signal om

at dei også kan vera med på finansieringa.

Oppsummering.

Ut over det som er nevnt ovanfor er kyrkjene og eigedomane generelt i god stand og vi ser ikkje trong for å setja av midlar til andre investeringar for 2016 enn dei som er omtalt.

Soknet har likevel løpande trong for investeringar og vi er svært nøgd med at Radøy kommune i samband med budsjetthandsaming for 2013 gjekk inn for ei årleg løyving på kr. 250 000 til investeringar. Dette gjer det mykje enklare å planleggja naudsynte tiltak.

Framtidige investeringar:

Varmeanlegg Manger og Hordabø. Universell utforming Manger og Hordabø.
P-plass Hordabø. P-plass Sæbø. Reidskapshus/garasje Manger.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Radøy sokneråd vedtek budsjettet slik det ligg føre. Det ligg prisjustering på nokre tenester. Tal for 2015 i ().

For 2016 gjeld fylgjande:

Festeavgift			
Feste av grav pr.år (inntil 60 år)	(220)		300
Feste av grav pr.år (over 60 år)	(440)		600
Feste av særskilt grav (20 år):	(4 400)		6 000
Montering av gravminne 1000 + mva	(1 250)	1000 + mva	1 250
Ekstra omfattande monteringsarbeid etter timesats	400 + mva		500
Stell av grav per år 1500 + mva	(1875)	1600 + mva	2 000

Tenesterefusjon:

Gravferd der avdøde ved dødsfallet var folkeregisterført i annan kommune.

Vigsel der ingen av brudefolka er folkeregistrert i Radøy kommune ved vigselen.

Tenesterefusjon for prest vert krevd for personar som ikkje er folkeregisterført innanfor prostiet.

Godtgjersle til : prest/gravferd	Fast sum	(3 000)	* 3 000
prest / vigsel		(2700)	* 2 700
Godtgjersle kontor/organist	Fast sum	(2000)	2 200
Godtgjersle til kyrkjetenar	Fast sum	(1200)	1 300

* Godtgjersle til prest er satsar som vert fastsett av Bjørgvin bispedøme. (satsar for 2014)

Gravferdsavgift

(For alle som ved dødsfallet var folkeregisterført i anna kommune enn Radøy)

Kistegrav:	8 000 + mva (10 000)	10 000 + mva	12 000
+ festeavgift 20 år	(4 400)		6 000
Urnegrav:	4000 + mva (5 000)	5 000 + mva	6 250
+ festeavgift 20 år	(4 400)		6000

Leige av kyrkja til ikkje inntektsgjevande arrangement,
medrekna oppvarming og reinhald

(1500)

1 500

Utleigetakstane
Gjeldande utleigereglement for arrangement:
Som 2014. Minsteleige for kyrkja sett til

kr 2 000

HANDSAMING

VEDTAK

Soknerådet gjorde vedtak i samsvar med innstillinga. Samrøystes.

Radøy sokneråd, 22.10.2015


Audun Sylta